



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1892 - 15/27482

Saksbehandlar:
Christian H. Reinshol
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:
24.08.2015

Avslag på førespurnad om utsett iverksetting av tiltak - akvakulturanlegg Ospeneset

Det vert vist til dykkar klage på dispensasjonsvedtak for utviding av akvakulturanlegg på Ospeneset, datert 12.08.2015. Det vert i klagen sett fram ynskje om at vedtaket vert gjeve utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf forvaltningslova § 42.

Lindås kommune har vurdert grunnlaget for å gje vedtaket utsett iverksetjing og kan ikkje finne at tiltaket er av ein slik art at det skal vere naudsynt å stanse ei eventuell etablering av tiltaket. Kommunen vil peike på at det omsøkte tiltaket består av konstruksjonar som ikkje krev spesielle naturinngrep eller andre inngrep som fører til irreversible tiltak. Eit akvakulturanlegg kan enkelt fjernast etter etablering dersom ein klage i dette tilfellet skulle vinne fram. Vidare kan ikkje kommunen sjå at tiltaket vil påføre nokre spesielle ulemper for naboar eller andre partar ved etablering før klagesaka er avgjort.

Vidare kan ikkje kommunen sjå at ei etablering vil ha følgjer for den vidare handsaminga av klagesaka eller om ei etablering av anlegget skulle føre til at klagen i praksis ikkje har nokon verknad. Vidare så er tiltakshavar inneforstått med at det er sett fram klage på vedtaket, og eventuelle investeringar og inngrep som vert gjort mens klagehandsaminga føregår, er på tiltakshavar sin eigen risiko.

Kommunen konkluderer på bakgrunn av dette at det ikkje ligg føre noko risiko for at ei eventuell iverksetjing av tiltaket vil føre til irreversible tiltak eller spesielle ulemper overfor andre partar i saka og avslår med dette førespurnaden om utsett iverksetjing av vedtaket.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk

AS

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen

Wikborg, Rein & Co. Advokatfirma

Pb. 1233 Sentrum

5811

BERGEN

DA

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen